

Jølster Løypelag BA

VEDTEKTER

Vedteke på stiftingsmøte 06.12 2011

§ 1 Namn

Andelslaget sitt namn er Jølster Løypelag BA
(Rekneskapsåret avvik frå kalenderåret, og går frå 1/7-31/6.)

§ 2 Foretningsadresse

Andelslaget si adresse er 6847 Vassenden, Jølster Kommune

§ 3 Formål

Andelslaget sitt formål er å drifte skiløyper i Vassendenområdet, herunder å anskaffe naudsynt teknisk utstyr og eller leige tenester, til slikt formål
Med Vassendenområdet meiner ein alle områder i nedre del av Jølster det er naturleg for laget å drive løypeservice, men med særskilt vekt på områder i tilknytning til Jølster Skisenter og hyttefeltet i Bjørkelia.
Verksemda baserer seg på frivillige, årlege bidrag frå hytteeigarar, grunneigarar, næringsliv, brukarar og andre med interesse for utvikling av skiløyper i Jølster.
Laget har eit ikkje- økonomisk formål.
Laget skal ikkje drive næringsverksemd, og skal ikkje betale utbytte til eigarane.

§ 4 Andelsteikning m.v.

Teikningspris er kr. 1500,- per andel, som kan teiknast av enkeltpersonar, bedrifter, det offentlege samt lag og foreiningar.
Teikningsprisen skal innbetalast etter styret si anvisning etter at andelen(e) er teikna.
Talet på andelar og andelskapital er flytande.
Teikna andelar kan normalt ikke overdragast. Unntak her er i dei tilfeller der:

- andelseigaren overdreg (hytte) eigedommen som var grunnlaget for teikninga
- i rett nedstigande linje, ved arv eller gåve.

Saman med melding om andelstransport, som skal skje innan eit år etter overdraginga fann stad, skal følgje dokumentasjon på eigedomsoverdraginga, og/eller slektstilhøvet.

§ 5 Andelseigars ansvar

Den enkelte andelseigar heftar kun for den andelskapital han/ho har skote inn.

Jølster Løypelag BA

§ 6 Styret

Andelslaget skal ha et styre på 4 (fire) medlemmer med personlege varamedlemmer som vert valde for 2 (to) år om gongen.

Ein skal søkje å velje eit styre som er representativt for dei ulike grupper av andelseigarar som deltek i andelslaget.

Eit styremedlem som har sete i 2 (to) periodar, skal ved påfølgjande val ha motkandidat.

Kun andelseigarar er valgbare til styret.

Styreleiar har dobbeltrøyst.

Styret er vedtaksfør når minst 2 (to) medlemmer møter. Vedtak i styret vert gjort som alminnelig fleirtalsvedtak. Dersom det oppstår likt røystetal har leiar dobbeltrøyst.

Etter det første året skal eit styremedlem være på val. Deretter skal kvart år styremedlemmer som har sete 2 (to) år, stå på val.

§ 7 Styret pliktar selskapet utetter.

Styret kan gjere vedtak om kven som skal ha fullmakter til kva, og i kva utstrekning.

§ 8 Årsmøtet

Årsmøtet er andelslaget sitt høgste organ.

Årsmøtet skal gjennomførast kvart år innan utgangen av oktober månad.

Årsmøtet skal kunngjerast for medlemmene med minst 2 (to) vekers varsel.

Innkallinga skjer skriftlig og dokumentasjon skal gjerast tilgjengeleg elektronisk.

Saker som ein ønskjer å ta opp på årsmøtet, skal være styret i hende seinast 1 veke før årsmøtet.

§ 9 Årsmøtet skal handsame følgjande:

1. Val av 2 (to) personar til å signere protokollen.
2. Styret si årsberetning
3. Fastsette resultatrekneskap og balanse
4. Bruk av årets overskot, eller dekning av underskot, i henhold til den fastsatte balansen.
5. Val av styre
6. Val av styreleiar og nestleiar
7. Val av personlig varamedlemmer
8. Valg av to revisorar mellom andelseigarane
9. Prisfastsettinga av kjøp av nye andelar
10. Val av valnemd
11. Årsbudsjett og arbeidsplanar for komande år, til vitande
12. Handsame saker som er nemnt i innkallinga

§ 10 På årsmøtet,

og i alle saker, stemmer andelseigarane med det antalet andelar dei eig.

Jølster Løypelag BA

Andelseigarane kan la seg representere ved skriftlig fullmakt, men ein andelseigar kan maksimalt stemme med 2 (to) fullmakter i tillegg til sine egne andelar.

Totalt stemmetall regnast etter frammøtte/representerte andelar, og alminnelige fleirtal er bindande.

Unntak frå dette er § 15 og 16, som krev 2/3 (to/tredjedels) fleirtal for endringar.

Dersom nokon krev det, skal avstemming være skriftlig.

§ 11 Ekstraordinært årsmøte

skal gjennomførast når styret, eller minst 20 % av andelane, krev det.

Innkalling med sakliste skjer skriftlig til alle medlemmar med minst 14 dagars varsel

All dokumentasjon skal gjerast elektronisk tilgjengeleg.

Ekstraordinært årsmøte skal kun handsame saker som står på sakslista.

§ 12 Medlemsmøte

Det kan gjennomførast medlemsmøte hvis styret ønskjer dette.

Innkalling kan kunngjerast i lokalpressa eller på de lokale nettstadane.

Medlemsmøtet kan ikkje gjere vedtak i saker som er tillagt årsmøtet.

§ 13 Valnemda

Valnemda skal bestå av tre medlemmer.

Etter det første året skal eit medlem være på val. Dette medlemmet vert trekt ut ved loddrekning. Etter det andre året skal eit av medlemmane som har sete i valnemda i to år, være på val. Denne vert også trekt ut ved loddrekning. Deretter skal kvart år representantar som har sete i tre år, være på val.

Valnemda sitt mandat er:

1. Foreslå val på styremedlemmer og varamedlemmer
2. Foreslå val av styreleiar og nestleiar
3. Foreslå val av revisorar
4. Eventuelt foreslå honorar til styret

§ 14 Tre ut av andelslaget

Andelseigar kan tre ut av andelslaget pr. 30.juni, ved skriftlig å gi melding innan 1. april same år.

Andelsinskotet vert ikkje refundert.

Når eit medlem trer ut av andelslaget vert andelskapitalen redusert tilsvarande og beløpet vert overført til selskapets frie eigenkapital.

§ 15 Oppløysing

Andelslaget kan vedta oppløysing av andelslaget med 2/3 (to/tredjedels) fleirtal av representerte stemmer, som samtidig representerer minst 1/2- parten av samtlege andelar.

Jølster Løypelag BA

Dersom ein ikkje oppnår tilstrekkelig fleirtal, skal det innan 14 dagar kallast inn til ekstraordinært årsmøte som kan treffe vedtak om oppløysning med minst 2/3 (to/tredjedels) fleirtal av de representerte stemmene.

Ved oppløysing skal selskapets formue, etter at alle plikter, herunder omkostningar i forbindelse med oppløysinga, betalast ut til andelseigarane i høve til tal andelar.

§ 16 Vedtektsendringar

Vedtak om endring av vedtektene vert gjort av årsmøtet etter forslag frå styret, og vert gjort med 2/3 (to/tredjedels) fleirtal av de representerte stemmene.

§ 17 Tvister

Tvist om forståing og gjennomføring av vedtektene skal med bindande verknad avgjerast av en voldgiftsnemnd på tre medlemmer som vert nemt opp Sunnfjord Tingrett.

Voldgiftsnemnda vel sjølv sin leier.

Forøvrig gjeld føresegnene om voldgift i tvistemålslovens kapittel 32.